



Hindenes Hus AS
Postboks 3
5991 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3864 - 19/5323

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
19.02.2019

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 24/153 Fammestad

Tiltak: bustad
Byggjestad: Gbnr: 24/153
Tiltakshavar: Yvonne Danielsen Skintveit
Ansvarleg søkjar: Hindenes Hus AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om utvida utsleppsløyve, søknad om dispensasjon samt og søknad i eitt-trinn den 21.12.2018. Det er 12 vekers sakshandsamingstid frå komplett søknad. Søknaden om dispensasjon frå gesims- og mønehøgde vert ikkje sendt på høyring. Det er pårekneleg å få løyve til dei samla tiltaka under forutsetnad at naudsynt tilleggsdokumentasjon vert sendt inn.

Det er gjeve utsleppsløyve for ein bustadparsell med storleik på utslepp til 6pe i sak 16/3839, datert 29.03.2017, der reinsa avlaupsvatn skal førast til jordbruksgrøft. Noverande søknad gjeld utvida utsleppsløyve til 10pe då det skal etablerast sokkelleilegheit i tillegg. Det er gjeve løyve til frådeling av bustadparsell – gbnr 24/3, datert 07.07.2017.

Planstatus


Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen (KPA) 2011-2023 sin arealdel er definert som LNF-føremål med spreidd bustadbygging.

Etablering av avlaupsanlegg og avlaupsleidning i område avsett til LNF-føremål vert vurdert til å ikkje å vera i strid med planføremålet, jf. skriv frå Kommunal og moderniseringsdepartementet, datert 10.06.2015.


I utsleppsløyve av 29.03.2017 er det ikkje tatt stilling til plassering av slamavskiljar. I same utsleppsløyve er det lagt til grunn at avlaupsanlegget skal plasserast på eigen eigedom. Plassering for minirensanlegg og knytestpunkt vatn leidning er vist pålassert på gbnr 24/3 i innsendt søknad i situasjonskart D5, datert 29.11.2018. Vi forstår kartet slik at knytestpunkt for vatn leidning er på gbnr 24/3. Dersom knytestpunktet er på ein annan eigedom, må dykk innhente løyve frå grunneigar.




Kartutsnitt KPA



Kart, datert 05.10.2016 – sak 16/3839



Kart, datert 29.11.2018



Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det ligg føre rett til eigedom frå gbnr 24/3 til å grave ned vatnledning, kor avløp og overvatn ledning går i grøft som er der i dag, datert 05.12.2016 i sak 16/3839. I utsleppsløyvet av 29.03.2017 er det lagt til grunn at anlegget skal plasserast på tiltakshavars eigedom. Det er ikkje gjeve rett til etablering av avlaupsanlegg på gbnr 24/3. Det må innhentast avtale/erklæring frå grunneigar for etablering av avlaupsanlegg på gbnr 24/3 slik det er synt på situasjonskart D5, datert 29.11.2018.
2. Vatnledning og avlaupsledning skal krysse kommunal veg, sjå situasjonskart D5, datert 29.11.2018. Vi viser til løyve til utslepp frå 29.03.2017, der det skal innhentast løyve frå kommunal vegstyresmakt når avlaupsledning kryssar kommunal veg. Det same gjeld for vatnledning som kryssar kommunal veg. Det må søkjast og gis graveløyve. Vi har den 18.02.2019 vore i kontakt med teknisk drift v/Rune Kilen. Han kan vidareformidle søknadsskjema for graveløyve dersom de tek kontakt med ham.
3. Serviceavtale for drift og vedlikehald av reinseanlegget frå 12.10.2016 i sak 16/3839 er ikkje signert av anleggseigar. Det er same serviceavtale som er lagt fram i noverande sak om utvida utsleppsløyve. Utsleppsløyve av 29.03.2017 vart gjeve på vilkår av at slik avtale skal foreligge før byggjeløyve, jf. forureiningsforskrifta §12-13 2.ledd. Det skal ligge føre signert serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget av anleggseigar før byggjeløyve i eitt-trinn vert gitt.
4. Det er gjeve avkøyringsløyve til offentleg veg i vedtak, datert 08.12.2016, i sak 16/3841 for ein bueining. Det må søkjast og gis utvida avkøyringsløyve for bustad med sokkelleilegheit frå teknisk drift vegavdelinga (to bueiningar), sjå link <https://www.lindas.kommune.no/innhald/veg-vatn-avlop-og-boss/veg/avkoyring-fra-kommunal-veg/>
5. Det er ikkje mottatt dokumentasjon frå Lindås kommune som eigar av vegareal på gbnr 24/151 som synar at nabovarsel er mottatt. Dokumentasjon frå Lindås kommune som synar at nabovarsel er mottatt skal sendast inn. Dersom utvida avkøyringsløyve frå teknisk drift/vegavdelinga vert gitt, er det ikkje naudsynt å innhente dokumentasjon på mottatt nabovarsel frå Lindås kommune.
6. Gbnr 24/85 er gjenbuarar og deira interesser kan vere råka av tiltaket. Gbnr 24/85 skal nabovarslast. Nabovarselet må omfatta dispensasjon, søknad i eitt-trinn og utsleppsløyve.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **samla innan 19.03.2019**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Hindenes Hus AS	Postboks 3	5991	OSTEREIDET
Richard Bergetun Hindenes	Tveitastø 2 A	5913	EIKANGERVÅG

Mottakarar:

Hindenes Hus AS	Postboks 3	5991	OSTEREIDET
Richard Bergetun Hindenes	Tveitastø 2 A	5913	EIKANGERVÅG
Yvonne Danielsen Skintveit	Tveitastø 2 A	5913	EIKANGERVÅG